

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 21. juni 2011.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Bjørn Nome, Solveig Sundbø Abrahamsen, Torstein Tveito, Aslak Ofte, Sverre Sæther, Ketil Kiland, Therese Hauger, Per Dehli, Hans Bakke, Hans Kristian Lehmann og regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes.
Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 39/2011 Referat frå rådsmøte 24. mai 2011

Vedtak: Referat frå rådsmøte 24. mai 2011 vart samrøystes godkjent.

Sak 40/2011 Vidare organisering av regionsamarbeidet.

I rådsmøte 24. mai låg det føre konsekvensutgreiing utarbeidd av Telemark Kommunerevisjon. For å få endå betre grunnlag i høve til val av modell vart det vedteke å utsetje vidare handsaming med tanke på nærare vurdering av dei juridiske sidene samt habilitetskrava til modellane. Vest-Telemarkrådet ynskte også betre oversikt over organiseringa av andre regionråd og tilhøva til dei regionale utviklingselskapa. Til rådsmøtet 21. juni låg det føre nærare informasjon innhenta av leiar av rådmannsutvalet og av regionrådsleiar.

Ketil Kiland orienterte frå drøftingar i rådmannutvalet og Stein Elseth frå Fylkesmannen i Telemark orienterte nærare om lovgjevinga på området.

Vedtak: Orienteringane takast til vitande. Rådmannsutvalet får mandat til å gjera saksutgreiing i denne saken, og at det vert likelydande saksframlegg til dei seks kommunestyra etter handsaming i rådsmøte 20. september 2011.

Sak 41/2011 Skuletilbudsstruktur vidaregåande skule, drøfting.

Det låg føre eit notat frå Telemark fylkeskommune omkring skuletilbudsstruktur vidaregåande skule. Fylkeskommunen viser i notatet til at redusert økonomi og komande nedgang i ungdomskulla set større krav til samansetting av utdanningsprogram og skuletilbod, og ber om synspunkt på problemstillingar rundt dette. Det låg også føre invitasjon til eit orienteringsmøte om saken.

Frå Vest-Telemark vidaregåande skule møtte Karl Torstein Hetland, Tove Hovelmoen og Lars Torstein Momrak. Dei orienterte nærare om situasjonen ved skulen, og viste til viktigheten av å organisere seg fleksibelt for å kunne imøtekomme behova til kommunane og næringslivet i Vest-Telemark. Skulen legg stor vekt på at samarbeidet med kommunar og næringsliv må vera god. Det er ei viktig oppgåve å styrke dei vidaregåande skulane i regionen

Vedtak: Saken takast til vitande. Vest-Telemarkrådet ber om utsetting av svarfristen til 1. oktober 2011.

Sak 42/2011 Interkommunale friluftsråd, drøfting.

Som grunnlag for saken låg det føre invitasjon til drøftingsmøte mellom fylkeskommunen og dei 4 regionrådssekretærene omkring mogleg etablering av friluftsråd i Telemark.

Ketil Kiland orienterte frå tidlegare drøfting i rådmannsutvalet. Nissedal kommune har meldt seg inn i Friluftsrådet Sør, med dei andre kommunane i regionen førebels er avventande. Det har kome signal om at Faun AS i Fyresdal ynskjer å ta initiativ til eit samarbeid om friluftsråd i regionen.

Vedtak: Saken takast til vitande.

Sak 43/2011 Ymse.

Ambulansehelikopterbase i Telemark.

Det låg føre e-post frå Tinn Ambulanse adressert til ordførarane i øvre Telemark gjeldande stasjonering av mogleg ny helikopterbase i Telemark.

Vinje har tidlegare teke initiativ for å få ein slik base i Vinje.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil stø opp om arbeidet som Vinje kommune gjer i saka.

Politiorganisering.

Det låg føre forslag om ny geografisk driftseiningstruktur for politiet i Telemark der dagens 5 driftseiningar vert foreslege redusert til 2. Forslaget inneber ingen endring av antal lensmanns- eller politistasjonsdistrikt. Saken er sendt kvar enkelt kommune med tanke på moglege merknader og høyringsfristen er sett til 1. september 2011.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek saken til vitande.

Regionens møtedeltaking i Fylkestinget.

Regionordførar streka under viktigheiten av å vera tilstades i fylkestingsmøta og viste også til at Telemark fylkeskommune prioriterer deltaking i våre rådsmøte.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og sluttar seg til at regionen prioriterer deltaking på fylkestingsmøte og andre viktige politiske møte i regi av fylkeskommunen.

Møte med fylkeskommunen 24. 06.2011

Etter initiativ frå regionen er det lagt opp til møte med Telemark fylkeskommune vedk. finansiering av Strategisk Næringsplan 2011 – 2014. Møtet skal finne stad 24. juni på fylkesordførars kontor.

Landskonferansen for regionråd i Stjørdal 29. – 30. august 2011.

Det ligg pr. i dag ikkje føre endeleg program for konferansen, og ein vil avvente dette før ein tek stilling til deltakinga frå vår region.

Rv 36 Bø – Seljord, informasjonsmøte 21.juni.

Regionrådsleiar orientert kort om eit komande informasjonsmøte gjeldande reguleringsarbeidet på Rv 36 mellom Bø og Seljord.

Referent: Haldor Kaasin